



Kommunane i Møre og Romsdal
Helsedirektoratet
RVTS-Midt
Støttegruppa 22. juli

Merk:
**Brevet vert berre
sendt som epost.**

Nettverk for psykososiale kriseteam - invitasjon til oppstart

Fylkesmannen viser til brevet vårt til kommunane av 3. februar der vi gav ei førebels orientering om planane om å etablere eit nettverk for dei psykososiale kriseteama (omsorgsberedskapsgruppene) i fylket.

Vi har no glede av å invitere til oppstart for nettverket – på Quality Hotel Alexandra i Molde 24. september 2014.

Dagen vert todelt: På føremiddagen blir det eit ope fagseminar om reaksjonar på alvorleg traumatisering og psykososiale støttetjenester etter kriser og katastrofar.

Om ettermiddagen blir det første møtet i sjølve nettverket gjennomført. **Medlemmene i nettverket er leiarane for dei kommunale psykososiale kriseteama/ omsorgsberedskapsgruppene. Arrangementet er gratis.**

Førebels programskisse er sett inn på baksida av dette brevet. Vedlagt er også ei prosjektskildring som gir nærare omtale av bakgrunn, føremål og aktivitet i nettverket. Prosjektskildringa er utarbeidd av ei arbeidsgruppe med medlemmer frå Averøy kommune, Støttegruppa etter 22. juli, RVTS-Midt og fylkesmannen.

Averøy kommune har teke på seg ansvaret for drift av nettverket, og fagleiar for psykisk helse, Ingrid Olavsdotter Nesland går inn i rolla som nettverkskoordinator i 30% stilling.


Påmeldingsskjema ligg på fylkesmannen sin nettstad, www.fylkesmannen.no/mr, under lenka «kurs og konferansar» nedst på sida. **Frist for påmelding: 12.09.2014.** Spørsmål om påmeldinga kan rettast til fmmrkurs@fylkesmannen.no. Spørsmål om opplegget elles kan rettast til Ketil Matvik Foldal på telefon 71 25 84 83 eller epost ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no.

Med helsing

Lodve Solholm

Christian Bjelke
Fylkeslege

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Nettverk for psykososiale kriseteam

Program for oppstart 24. september 2014

Quality Hotel Alexandra i Molde

- 1000 – 1040: Opning**
Lodve Solholm, Ingrid Olavsdotter Nesland m. fl.
- 1040 – 1115: Innlegg frå nasjonalt nivå**
- 1130 – 1230: Opningsforedrag: «Reaksjonar på alvorleg traumatisering – behov og hjelpetiltak.»**
Unni Heltne, Senter for krisepsykologi
- 1230 – 1300: Dei psykososiale kriseteama: krav, utfordringar og moglegheiter**
Knut Hermstad, RVTS-Midt
- 1300 – 1400: Føremiddagsmat**
- 1400 – 1630: Første møte i «Nettverk for psykososiale kriseteam»**
- organisering av nettverket
- aktivitetsplan
- forventningar, ønskje mv.
Ingrid Olavsdotter Nesland, nettverkskoordinator
- 1630: Felles middag**

Vedlegg: Nettverk for kriseteam i Møre og Romsdal. Prosjektskildring.